

**15 år gamle Ingar Kiplesund, busett i Trondheim men med røter i Uskedalen, er eit stort friidrettstalent. Først har han hoppa 7,10 i lengde og sprunge 100-meteren på 11,31, men han har atskillig betre prestasjonar inne. Til dømes har han landa på 7,40, men hoppet var nokre få centimeter dautt. Det store målet hans er OL 2020.**

**Ingar er son til Hildegun født Haugland og Svein Olav Kiplesund og besteforeldra er Margot og Hilmar Haugland.**

Ingar seier i eit stort intervju med Byavisa at målet er å verta den beste i verda. Det er ikkje nokon vits i å halda på hvis ein ikkje vil bli det, legg han til.

Sist sommar vann han VU-spelen i Gøteborg der dei beste friidrettsungdommane i Norden var med. Trener Frank Brissach opplysar at han må halda igjen det unge talentet.

Ingar gjekk over frå fotball til friidrett fordi prestasjonane der er målbare, Og han har et veldig stort konkurranseinstinkt. Kommande år skal han auka talet på stemner frå 11 til 15-20 og talet på treningsøkter frå 6 til 8 i forsesongen. Det vert vel så mykje løpetrening som hoppetrening. Første mål er U18-VM i Ukraina og U20-EM i Italia som er like rundt hjørnet.

Ingar innrømmer at idretten han driv kan gå ut over skulearbeidet frå tid til annan. Men aktivitet er også positivt for skulegangen.

- Eg har god kropps kontroll og vinnarinstinkt. Når eg deltek tenkjer eg berre på meg sjøl, seier den lovande utøveren.

Av Ola Matti Mathisen